



**SFE**

# HALVÅRSRAPPORT 2024

**SOGN OG FJORDANE ENERGI AS**



# Halvårsrapport 2024

**Sogn og Fjordane Energi (SFE) har eit resultat etter skatt på 174 mill. kr for 1. halvår 2024. Resultatet 1. halvår 2023 var 355 mill. kr, men dette resultatet inkluderte ein rekneskapsmessig gevinst frå fusjonen mellom Linja og Mørenett på 219 mill. kr. Korrigert for denne gevinsten er resultatet 1. halvår i år 37 mill. kr betre enn i fjor. Reduserte skattekostnader og betra resultat frå tilknytt verksemd er hovudforklaringa til resultatbetringa. Bokført eigenkapitalandel er auka frå 39,7% ved siste årskifte til 42,4% pr 30.06.24. Endringane i SFE dei siste åra gjer at selskapet er godt rusta for vidare lønsam vekst innan fornybar energi.**

## Konsernet

SFE-konsernet sitt hovudforretningsområde er kraftproduksjon. Konsernet SFE består 30.06.2024 av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde dotterselskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Lutelandet Energipark AS og SFE Utvikling AS. Dotterselskapa Svelgen Kraft Holding AS og Svelgen Kraft AS, som er eigd 56% av SFE Produksjon AS, inngår også som ein del av SFE-konsernet. SFE har også ein del investeringar i andre selskap som vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane Holding AS:	49,5 %
Eviny AS:	36,8 %
6 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord:	13,7 %

Rekneskapan for SFE er avlagt etter IFRS-reglane.

## 1. halvår 2024

Rekneskapan for 1. halvår 2024 viser eit overskot for SFE-konsernet på 174 (356) mill. kr etter skatt (tal for 1. halvår 2023 i parentes). Hovudgrunnen til resultatnedgangen er at vi i 1. halvår 2023 inntektsførte ein rekneskapsmessig gevinst på 219 mill. kr frå dotterselskapet Linja sin fusjon med Mørenett AS. Korrigert for denne gevinsten er resultatet for 1. halvår 2024 37 mill. kr betre enn tilsvarande halvår ifjor.

Gjennomsnittleg kraftpris 1. halvår i NO3, var 47,1 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg pris 1. halvår i fjor 51,2 øre/kWh. Kraftproduksjonen 1. halvår var 819 GWh (891 GWh). Nettoinntekta frå sal av kraft er redusert frå 530 mill. kr i 1. halvår i

fjor til 470 mill. kr i år. Reduserte områdeprisar i NO3 og NO5 og lågare produksjon er grunnen til dette. Magasinbeholdninga 30.06.24 er 662 GWh. Dette er ein auke på 159 GWh frå nivået 31.12.23. Til samanlikning hadde vi ein magasinreduksjon 1. halvår 2023 på 50 GWh til 521 GWh. Tilsiga til magasinane våre 1. halvår var 137 GWh høgare enn same periode i fjor.

Også 1. halvår 2024 har vore prega av store skilnader mellom kraftprisane i Noreg, sjølv om skilnadane er mindre enn 1. halvår 2023. Prisen i prisområdet NO3 (Vestland fylke nord for Sognefjorden, Møre og Romsdal og Trøndelag) har vore lågare enn øvrige prisområder i Sør-Norge. Gjennomsnittsprisen i NO3 på 47,1 øre/kWh er 14,3 øre/kWh lågare enn gjennomsnittsprisen i NO5 (Vestland fylke sør for Sognefjorden og litt av Rogaland) på 61,3 øre/kWh. NO1 (mesteparten av Austlandet) hadde ein gjennomsnittspris på 60,4 øre/kWh medan NO2 (Sørlandet, Rogaland og deler av Vestland og Austlandet) hadde ein gjennomsnittspris på 62,7 øre/kWh. Gjennomsnittsprisen i NO4 (Nord Norge) var 39,7 øre/kWh. Systemprisen (felles referansepris for børsområdet) i 1. halvår var 53,7 øre/kWh. Av SFE sin produksjon i 1. halvår var 719 GWh i NO3 og 100 GWh i NO5. SFE har kraftverka Mel, Østerbø og Sværen i NO5 medan resten er i NO3.

## **HMS**

HMS-visjonen til SFE er «Like heil – både inni og utanpå». Hovudfokuset vårt er kontinuerleg jobbing med HMS-kulturen i verksemda, for å oppnå dei overordna HMS-måla om at alle uønskte hendingar og farlege forhold skal rapporterast, alle ulykker kan førebyggast, omsynet til persontryggleik skal prioriterast framfor alt anna, og HMS skal prioriterast i alle våre aktivitetar. For å oppnå langsiktige resultat må kvar enkelt tilsett bidra for å sikre ein trygg kvardag. Leiarane må vere gode rollemodellar, som viser veg ved å vere tydelege i sin budskap og sin åtferd kring HMS. Alle leiarar skal signere på «HMS-løftet».

SFE har eit sjukefråvær på 4,6% siste 12 månadar pr. 01.07.2024. Dette er ein liten nedgang i høve til første halvår i fjor då sjukefråværet var på 4,9%, men framleis høgt samanlikna med det historiske sjukefråværet i selskapet. Ei forklaring er at ein etter omorganisering der Linja er fusjonert ut, har vesentleg færre tilsette, noko som gjer at to langtidssjukemeldingar grunna skade (ei jobbrelatert og ei fritidsrelatert) gjer stort utslag. Langtidssjukefråværet utgjer 3,3%, medan korttidsfråværet utgjer 1,28% i den aktuelle perioden.

Siste 12 månadar pr. 01.07.2024 har vi hatt null personskader.

## **Resultatrekneskap og kontantstraum**

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 1.301 (1.422) mill. kr. Driftsresultatet vart 328 (387) mill. kr. Resultatet før skatt er 309 (581) mill. kr. På grunn av rekneskapsmessig gevinst på 219 mill. kr frå fusjonen mellom Linja og Mørenett hadde SFE positiv finansinntekt i halvåret 2023 på 194 mill. kr medan netto finanskostnader 1. halvår 2024 var 19 mill. kr. Korrigert for gevinsten frå Linja i 2023 er netto finanskostnader dette halvåret 6 mill. kr lågare enn i fjor. Resultatet etter skatt er på 174 (356) mill. kr. Det er i 1. halvår belasta 55 (75) mill. kr i overskotsskatt og 79 (150) mill. kr i grunnrenteskatt.

Nettselskapet Linja, fiberselskapet Eninvest og kraftomsettingselskapet Wattn i tillegg til nokre mindre kraftprodusentar er tilknytte selskap til SFE-konsernet. Alle desse eigarskapa er industrielle og langsiktige og resultatandelar frå tilknytte selskap er derfor inntektsført som driftspost. Netto inntekt frå investering i TS er 51 mill. kr, ein auke frå 26 mill. kr i fjor. Hovudgrunnen til dette er auka resultatandel frå Linja. I 2023 vart Linja rekneskapsført som tilknytt selskap for perioden 01.03-30.06.

Driftsaktivitetar viser ein kontantstraum på 158 (112) mill. kr i 1. halvår. Det er betalt ut 84 (73) mill. kr i kjøp og tilverking av fysiske driftsmiddel innan kraftproduksjon i 1. halvår. Hovudrevisjon av Svelgen 4 og rehabilitering av elektropakke i Åskåra er viktige tiltak i perioden. I tillegg er fleire mindre revisjonar og rehabiliteringar starta opp eller slutført i halvåret. Samla er negativ kontantstraum frå investeringsaktivitetar 50 mill. kr, medan den var positiv med 1.280 mill. kr i første 1. halvår i fjor pga stor innfriing av lånegjeld frå Linja. Det er negativ kontantstraum på 469 (-902) mill. kr knytt til finansieringsaktivitet. 427 mill. kr av dette er nedbetaling av langsiktig og kortsiktig gjeld.

## **Balanse**

SFE sin totalbalanse 30.06.24 er på 7.958 mill. kr. Dette er ein reduksjon frå 8.595 31.12.23. Hovudgrunnen til denne reduksjonen er redusert kontantbeholdning og reduserte fordringar. Konsernet har omløpsmiddel på 956 mill. kr og 7.002 mill. kr i anleggsmiddel.

Renteberande gjeld er 2.499 mill. kr, ein reduksjon på 772 mill. kr frå 3.271 mill. kr for eit år sidan. Samstundes har konsernet ei likviditetsbeholdning i form av bankinnskott på 668 mill. kr, som er ein reduksjon på 683 mill. kr frå 30.06.23. SFE si netto lånegjeld er såleis redusert frå 1.920 mill. kr 30.06.23 til 1.831 mill. kr ved dette halvårsskiftet. SFE har unytta kassekreditt på 300 mill. kr, i tillegg var trekkrett på 500 mill. kr under etablering pr 30.06.

Eigenkapitalen pr 30.06.24 er 3.377 mill. kr, det tilsvarar ein bokført eigenkapitaldel på

42,4%. Dette er ein auke frå 35,9% 30.06.23 og 39,7% pr 31.12.23. SFE har ein sterk balanse som gjer selskapet godt rusta for vidare vekst innan fornybar energi.

### **Framtidsutsikter**

SFE produserte 2.030 GWh i 2023. Det er venta at årsproduksjonen for 2024 vert noko høgare, men tilsiget utover hausten vil ha stor betydning. Forventa kraftpris i NO3 for 2. halvår er vesentleg lågare enn gjennomsnittsprisen i 1. halvår på 47,1 øre/kWh. Forventa kraftpris for NO5 i 2. halvår er også lågare enn prisen i 1. halvår på 61,3 øre/kWh. SFE ventar eit resultat for året 2024 på linje med resultatet for 2023 på 556 mill. kr justert for salsgevinstar i 2023 på 243 mill. kr. Vi må likevel understreke at resultatet for 2024 vil bli sterkt påverka av utviklinga i kraftprisane for NO3 og NO5 i 2. halvår.

SFE sine to største eigarar, Sogn og Fjordane Holding AS og Eviny AS, inngjekk i juni ein intensjonsavtale som seier at desse to eigarane saman med SFE skal sjå på tre ulike alternativ. (i) Slå saman SFE og Eviny AS, (ii) at eigarane fortset eigarskapen i SFE som i dag eller (iii) at Eviny AS ikkje lenger er aksjonær i SFE. Utgreiinga startar opp i september og målsettinga er å legge fram rapport som eigarane skal ta stilling til i desember.

Endringane SFE har vore gjennom siste åra med sterk vekst i produksjonskapasitet, utskiljinga av nettverksemda frå konsernet gjennom etablering av det tilknytte nettselskapet Linja og sterk reduksjon i lånegjeld som konsekvens av dette har styrka SFE slik at selskapet er godt posisjonert for vidare lønsam vekst.

### **Styret i Sogn og Fjordane Energi AS**

#### **Mel, 28. august 2024**

Olin Johanne Henden -styreleiar-	Silje Skaar Sunde -nestleiar-	Sindre Kvalheim -styremedlem-
Ingvill Hestenes -styremedlem-	Arvid Andenæs -styremedlem-	Jan Helge Dale -styremedlem-
Ragnhild Gundersen -styremedlem-	Mons Solheim -styremedlem-	Kevin Denton -styremedlem-
	Knut Arild Flatjord -konsernsjef-	



# RESULTATREKNESKAP

## SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Tal etter International Financial Reporting Standards (IFRS)

Beløp i 1000 kr	1. halvår 2024	1. halvår 2023	Årsrekneskap 2023
<b>Driftsinntekter:</b>			
Sal av kraft	1 236 488	1 299 868	2 337 463
Sal av overføringstenester	0	57 934	57 934
Inntekt på investering i TS	51 421	25 765	20 023
Andre driftsinntekter	13 321	38 680	72 725
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>1 301 230</b>	<b>1 422 247</b>	<b>2 488 144</b>
<b>Driftskostnader:</b>			
Kjøp av kraft	766 499	769 668	1 262 245
Kjøp av overføringstenester	17 256	27 509	47 610
Løn og sosiale kostnader	45 996	67 506	108 876
Avskrivningar	57 215	71 848	127 737
Nedskrivningar	0	145	18
Eigedomsskatt/avgifter	35 099	31 693	37 152
Andre driftskostnader	51 586	67 180	118 993
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>973 651</b>	<b>1 035 548</b>	<b>1 702 632</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>327 579</b>	<b>386 698</b>	<b>785 512</b>
<b>Finansielle poster:</b>			
Finansinntekter	41 561	288 633	381 727
Finanskostnader	60 541	94 533	207 251
<b>NETTO FINANSKOSTNADER</b>	<b>18 981</b>	<b>-194 100</b>	<b>-174 476</b>
<b>RESULTAT FØR SKATT</b>	<b>308 598</b>	<b>580 799</b>	<b>959 989</b>
Overskotsskatt	55 457	75 192	167 242
Grunnrenteskatt	78 930	149 855	236 760
<b>RESULTAT ETTER SKATT</b>	<b>174 211</b>	<b>355 752</b>	<b>555 987</b>
Av dette minoritetsandel	19 650	18 015	36 482
Av dette SFE sin andel	154 561	337 736	519 504
Resultat pr. aksje (i heile kroner)	19	43	67

## UTVIDA RESULTAT

	1. halvår 2024	1. halvår 2023	Årsrekneskap 2023
Ordinært resultat etter skatt	174 211	355 752	555 987
<b>Postar som seinare kan klassifiserast til resultat:</b>			
Kontantstramsikring kraftavtaler etter skatt	19 373	107 669	157 419
Kontantstramsikring valutaterminkontrakter etter skatt	-442	-42 343	-24 128
Kontantstramsikring valutalån etter skatt	13 354	-15 566	-4 720
Sikringsbokføring frikraftforplikting	-715	0	-14 709
<b>Postar som seinare ikkje kan reklassifiserast til resultat:</b>			
Estimatavvik pensjoner etter skatt	5 380	6 651	-904
Utvida resultatpostar frå tilknytt selskap	5 385	0	0
<b>Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden</b>	<b>216 547</b>	<b>412 163</b>	<b>668 945</b>
Av dette minoritetsandel	20 848	20 024	39 792
Av dette SFE sin andel	195 699	392 139	629 152

# BALANSE 30.06.2024

## SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Beløp i 1000 kr	30.06.24	30.06.23	31.12.23
<b>EIGEDELAR</b>			
Fallrett	2 016 177	1 939 150	2 016 177
Øvrige immaterielle egedelar	683 696	685 911	684 937
Varige driftsmiddel	2 877 078	2 849 962	2 852 875
Investering i tilknyttta selskap	1 409 462	1 156 912	1 377 130
Øvrige finansielle anleggsmiddel	12 586	176 740	12 432
Derivat	2 671	158 924	2 649
<b>Anleggsmiddel</b>	<b>7 001 671</b>	<b>6 967 599</b>	<b>6 946 200</b>
Fordringar	270 027	405 464	549 600
Derivat	18 196	87 356	69 525
Kontanter og bankinnskott	667 956	1 351 378	1 029 681
<b>Omløpsmiddel</b>	<b>956 179</b>	<b>1 844 198</b>	<b>1 648 805</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>	<b>7 957 849</b>	<b>8 811 798</b>	<b>8 595 005</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
Innskoten egenkapital	1 014 691	1 014 691	1 014 691
Opptent egenkapital	1 754 750	1 574 860	1 813 039
Minoritetsinteresser	607 506	577 890	586 658
<b>Eigenkapital</b>	<b>3 376 947</b>	<b>3 167 441</b>	<b>3 414 388</b>
Pensjonsforplikting	7 730	16 891	14 561
Utsett skatt	1 198 105	1 087 324	1 196 668
Andre forpliktingar	265 945	358 035	267 187
Renteberande langsiktig gjeld	2 143 306	2 543 862	2 502 002
Derivat	27 934	111 051	27 340
<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>3 643 020</b>	<b>4 117 163</b>	<b>4 007 757</b>
Renteberande kortsiktig gjeld	355 912	727 238	441 575
Avsett utbytte	253 988	124 941	0
Betalbar skatt	145 908	313 583	289 895
Anna rentefri gjeld	164 515	289 700	388 549
Derivat	17 560	71 732	52 842
<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>937 882</b>	<b>1 527 194</b>	<b>1 172 860</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>7 957 849</b>	<b>8 811 798</b>	<b>8 595 005</b>

## OPPSTILLING OVER ENDRINGAR I EIGENKAPITAL SFE – KONSERN

Beløp i 1000 kr

	Innskoten eigenkapital	Anna eigenkapital	Kontantstraum- sikring	Sum opptent eigenkapital	Minoritets- interesser	Sum eigenkapital
<b>Eigenkapital 01.01.2023</b>	<b>1 014 691</b>	<b>1 499 931</b>	<b>-192 615</b>	<b>1 307 313</b>	<b>590 866</b>	<b>2 912 870</b>
Årets resultat		519 504		519 504	36 482	555 987
Utbetalt utbytte i 2023		-124 941		-124 941	-44 000	-168 941
Andre endringer av eigenkapital		10 038		10 038		10 038
Fusjon SFE Fiber/Eninvest		-8 523		-8 523		-8 523
Estimatavvik pensjoner		-904		-904		-904
Kontantstraumsikring kraftavtaler etter skatt			154 109	154 109	3 310	157 419
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-24 128	-24 128		-24 128
Sikringsbokføring frikraftforplikting			-14 709	-14 709		-14 709
Kontantstraumsikring valutalån			-4 720	-4 720		-4 720
<b>Eigenkapital 31.12.2023</b>	<b>1 014 691</b>	<b>1 895 105</b>	<b>-82 064</b>	<b>1 813 039</b>	<b>586 658</b>	<b>3 414 388</b>
Årets resultat		154 561		154 651	19 650	174 211
Vedteke utbytte i 2024		-253 988		-253 988		-253 988
Estimatavvik pensjoner		5 380		5 380		5 380
Utvida resultatpostar frå tilknytt selskap		5 385		5 385		5 385
Kontantstraumsikring kraftavtaler etter skatt			18 175	18 175	1 198	19 373
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-442	-442		-442
Sikringsbokføring frikraftforplikting			13 354	13 354		13 354
Kontantstraumsikring valutalån			-715	-715		-715
<b>Eigenkapital 30.06.2024</b>	<b>1 014 691</b>	<b>1 806 443</b>	<b>-51 691</b>	<b>1 754 750</b>	<b>607 506</b>	<b>3 376 947</b>



# KONTANTSTRAUMANALYSE

## SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Beløp i 1000 kr

Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:	30.06.2024	30.06.2023	31.12.2023
Ordinært resultat før skattekostnad	308 598	580 799	959 989
Betalte skattar i perioden	-290 458	-363 062	-451 642
Avskrivningar	57 215	71 848	127 737
Nedskrivningar	0	145	18
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	4 747	0	0
Gevinst(-)/Tap ved fusjonar	0	-218 848	-263 194
Kostnad(+)/Inntekt (-) frå invest i tilknytta selskap utan kontanteffekt	-51 421	-25 765	-20 023
Urealisert verdiendring aksjepostar utan kontanteffekt	6 821	-533	0
Urealisert verdiendring derivat og elsertifikat	-4 152	-9 483	26 702
Endring i varelager	0	-203	-203
Endring i kundefordringar	266 082	347 168	153 731
Endring i leverandørgjeld	-38 982	-210 781	-189 036
Endring i pensjonsforpliktingar	66	-176	9 200
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-100 559	-58 947	-81 310
<b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter</b>	<b>157 957</b>	<b>112 161</b>	<b>271 968</b>
<b>Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar:</b>			
Utbetalingar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-83 841	-72 764	-187 393
Endring forskotsbetaling til leverandør ved kjøp av varige driftsmiddel	0	0	36 245
Utbetaling ved auke av langsiktig fordring	0	-4 423	0
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	0	0	65 500
Innbetaling ved reduksjon av langsiktig fordring	0	0	122
Innbetaling frå utlån	0	1 386 500	1 386 500
Utbetalingar ved kjøp i aksjar og andelar i andre foretak	0	0	-205
Kontanteffekt avgang datter	0	-74 694	-84 672
Innbetaling av utbytte	30 255	29 724	33 398
Innbetalte renter	3 179	15 886	0
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-50 407</b>	<b>1 280 228</b>	<b>1 249 495</b>
<b>Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar:</b>			
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-341 575	-313 619	-627 238
Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld	-85 663	-500 000	-500 000
Utbetalte renter	-42 038	-55 132	-56 341
Utbetaling av utbytte	0	-33 000	-168 941
<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-469 276</b>	<b>-901 751</b>	<b>-1 352 521</b>
Netto endring i kontantar og ekvivalentar	-361 725	490 639	168 941
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	1 029 681	860 740	860 740
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 30.06/31.12	667 956	1 351 378	1 029 681



## **Notar til halvårsrekneskapen 30.06.2024**

### **Rammeverk og vesentlege rekneskapsprinsipp**

Konsernrekneskapen for Sogn og Fjordane Energi AS for 1.halvår 2024 er avslutta pr. 30.06.2024 og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) slik dei er godkjende av EU. Konsernrekneskapen omfattar Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) med datterselskap og tilknytt selskap. Halvårsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering og vart vedteke i selskapet sitt styre 28. august 2024. Revisor har gjennomført forenkla revisorkontroll av halvårsrekneskapen.

Selskapet er notert på Oslo Børs med obligasjonslån.

Delårsrekneskapen gir ikkje informasjon i same omfang som årsrekneskapen og må derfor sjåast i samanheng med konsernet sitt årsrekneskap for 2023.

## Note 2 Segmentinformasjon

Segmentrekneskapen vert avlagt etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegment i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjerder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene.

Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemd er organisert i ulike segment som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på segment, underkonsern og på selskap.

Segmentet Energi omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS og Lutelandet Energipark AS. Svelgen Kraft Holding AS er eigd med 56% av SFE Produksjon og inngår som ein del av SFE-konsernet. Svelgen Kraft Holding AS eig 100% av aksjane i Svelgen Kraft AS.

Energi omfattar forvaltning av konsernet sin samla produksjonsportefølje frå heileigde og deleigde kraftverk med fysisk og finansiell krafthandel. Segmentet omfattar også forvaltning av sluttbrukarselskap sitt kraftbehov samt mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemd innanfor definerte rammer, samt sal av opphavsgarantiar og elsertifikat.

Segmentet Eigarskap inkluderer morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS som i tillegg til å vere morselskap for dotterselskapet SFE Produksjon også er eigar av aksjar i dei tilknytte selskapa Eninvest AS, Wattn AS og Linja AS. Segmentet inkluderer også selskapa Elbåtlader DA og Skipskraft AS som er felles verksemd der SFE eig 50% og som vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden. Etter fusjonen av Linja og Mørenett i 2023 vart fiberdelen av Linja verande igjen i SFE i selskapet SFE Fiber AS. SFE Fiber vart fusjonert inn i Eninvest AS i november 2023. I 2024 er det derfor ingen fiberverksemd igjen. Dette segmentet er derfor endra til kun Eigarskap.

I 2024 har konsernet to segment som vi gir segmentinformasjon om. Segmenta i konsernet er Energi og Eigarskap. Samanlikningstala frå 2023 er uendra, dvs ein presenterer segmenta Energi, Eigarskap og Fiber og Nettverksemd slik det vart presentert i 2023. Vi viser elles til noteopplysningar i 2023 rekneskapen for utfyllande informasjon.

## Segmentresultat 30.06.2024

(Beløp i MNOK)	Energi	Eigarskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	1 268	52	-19	1 301
Driftsresultat	295	33	0	328
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>142</b>	<b>32</b>	<b>0</b>	<b>174</b>

## Eigedelar og gjeld pr.segment 30.06.2024

(Beløp i MNOK)	Energi	Eigarskap	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	5 498	79	5 577
Øvrige anleggsmiddel	151	1 273	1 424
<b>Anleggsmiddel</b>	<b>5 650</b>	<b>1 352</b>	<b>7 002</b>
Omløpsmiddel	434	522	956
<b>Sum eigedelar</b>	<b>6 084</b>	<b>1 874</b>	<b>7 958</b>
Eigenkapital	3 109	268	3 377
Langsiktig gjeld	2 659	984	3 643
Kortsiktig gjeld	316	622	938
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>	<b>6 084</b>	<b>1 874</b>	<b>7 958</b>

## Segmentresultat 30.06.2023

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Eigarskap og Fiber	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	1 340	86	45	-49	1 422
Driftsresultat	365	2	20	0	387
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>147</b>	<b>-7</b>	<b>216</b>	<b>0</b>	<b>356</b>

## Eigedelar og gjeld pr.segment 30.06.2023

(Beløp i MNOK)	Energi	Eigarskap og Fiber	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	5 396	79	5 475
Øvrige anleggsmiddel	291	1 202	1 493
<b>Anleggsmiddel</b>	<b>5 686</b>	<b>1 281</b>	<b>6 968</b>
Omløpsmiddel	563	1 281	1 844
<b>Sum eigedelar</b>	<b>6 250</b>	<b>2 562</b>	<b>8 812</b>
Eigenkapital	2 167	1 001	3 167
Langsiktig gjeld	2 696	1 421	4 117
Kortsiktig gjeld	1 387	140	1 527
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>	<b>6 250</b>	<b>2 562</b>	<b>8 812</b>

## Segmentresultat 31.12.2023

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Eigarskap og Fiber	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	2 405	87	55	-59	2 488
Driftsresultat	755	21	10	0	786
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>296</b>	<b>10</b>	<b>250</b>	<b>0</b>	<b>556</b>

## Eigedelar og gjeld pr. segment 31.12.2023

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Eigarskap og Fiber	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar	5 481	0	73	5 554
Øvrige anleggsmiddel	139	0	1 253	1 392
<b>Anleggsmiddel</b>	<b>5 620</b>	<b>0</b>	<b>1 326</b>	<b>6 946</b>
Omløpsmiddel	850	0	798	1 649
<b>Sum eigedelar</b>	<b>6 471</b>	<b>0</b>	<b>2 124</b>	<b>8 595</b>
Eigenkapital	2 807	0	608	3 414
Langsiktig gjeld	2 633	0	1 375	4 008
Kortsiktig gjeld	1 031	0	142	1 173
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>6 471</b>	<b>0</b>	<b>2 124</b>	<b>8 595</b>

### Note 3 Spesifikasjon av urealiserte verdiendringar

Kraftderivat som sikrar inntekta frå kraftproduksjon er sikringsbokført som kontantstraumsikring.

Tabellen under spesifiserar korleis urealiserte verdiendringar påverkar konsernet sitt resultat og utvida resultat.

Resultateffekt av urealiserte verdiendringar (mill kr)	30.06.2024			30.06.2023			2023		
	Urealisert	Realisert	SUM	Urealisert	Realisert	SUM	Urealisert	Realisert	SUM
Kraftkontrakter sikringsformål	31	-31	-	197	-197	-	-	-42	-42
Kraftkontrakter trading	-3	-	-3	9	-	9	29	-32	-2
Valutakontrakter sikringsformål	0	-3	-3	0	-3	-3	0	-7	-7
Energisal	0	1 242	1 242	0	1 294	1 294	0	2 389	2 389
<b>Sum inntekter frå energisal</b>	<b>28</b>	<b>1 208</b>	<b>1 236</b>	<b>206</b>	<b>1 094</b>	<b>1 300</b>	<b>29</b>	<b>2 308</b>	<b>2 337</b>
<b>Sum finansinntekter</b>	<b>-</b>	<b>42</b>	<b>42</b>	<b>-</b>	<b>289</b>	<b>289</b>	<b>-</b>	<b>382</b>	<b>382</b>
<b>Sum finanskostnader</b>	<b>0</b>	<b>-61</b>	<b>-61</b>	<b>0</b>	<b>-95</b>	<b>-95</b>	<b>-</b>	<b>-207</b>	<b>-207</b>
<b>Effekt av urealiserte verdiendringar i resultat før skatt</b>	<b>28</b>			<b>206</b>			<b>29</b>		
<b>Skatteeffekt av urealiserte</b>	<b>-6</b>			<b>-45</b>			<b>-6</b>		
<b>Effekt av urealiserte verdiendringar i resultat etter skatt</b>	<b>22</b>			<b>161</b>			<b>23</b>		
<b>Andre inntekter og kostnader som inngår i utvida resultat (etter skatt)</b>									
Kontantstraumsikring kraftavtaler	19			108			157		
Kontantstraumsikring valutaterminar	-0			-42			-24		
Kontantstraumsikring EUR-lån	13			-16			-5		
Sikringsbokføring frikraftforplikingar	-1			0			-15		
<b>Andre inntekter og kostnader som inngår i utvida resultat etter skatt</b>	<b>32</b>			<b>50</b>			<b>114</b>		

Valutaterminkontrakter som sikrar valutakursen på kraftinntekter i EUR blir sikringsbokført som kontantstraumsikring.

SFE nyttar også lån i EUR som sikringsinstrument i kontantstraumsikring av kraftinntekter i EUR. Vi har pr. 30.06.24 ingen renteswapar som blir sikringsbokført.

### Note 4 Aktivitet i SFE sine børsnoterte obligasjonslån i første halvår 2024

SFE har i første halvår 2024 innfridd eit obligasjonslån pålydande MNOK 400. Det har ikkje vore andre endringar i SFE si obligasjonsgjeld.



## **Note 5 Risikoforhold**

SFE er utsett for ei mengde ulike risikoar gjennom si verksemd. Dette gjeld både finansielle, operasjonelle risikoar og risikoar knytt til data, nettverk og system. Døme på operasjonelle risikoar er skade på eigedelar som til dømes kraftverk. Det er etablert forsikringsordningar som dekker skade på eigedelar, tapt produksjon og skade på liv og eigedom i samband med t.d. brann, flaum eller oversvømmelsar etter dambrot. Når det gjeld finansielle risikoar som endringar i kraftpris, valutakursar og renter er det etablert strategiar for å kontrollere desse risikoforholda.

Cyberangrep er eit samfunnsproblem og blir stadig meir omfattande og rettast mot aktørar i ulike bransjar og sektorar. Vi jobbar kontinuerleg med å vurdere risiko for cyberangrep, tap av data og uautorisert tilgong til våre system. Dette inkluderer å beskytte data og system, fokus på bevisstgjerjing av tilsette og tiltak for å oppdage eventuelle forsøk på angrep.

Den norske kraftmarknaden har i løpet av dei siste åra blitt ein delt marknad. Spotprisane i Nord-Norge (NO4) og Midt-Norge (NO3) har vore vesentleg lågare i første halvår, med hhv. 40 og 47 øre/kWh, medan spotprisane i dei sørlege delane av Norge i gjennomsnitt har blitt levert til mellom 60 og 63 øre/kWh. Desse prisskilnadane er vesentlege, men likevel langt mindre enn skilnadane 1. halv år 2023. Grunnen til denne forskjellen er manglande overføringskapasitet mellom dei nordlege delane av Skandinavia til sør i Skandinavia.

For ytterlegare informasjon om risikoforhold SFE er utsett for viser vi til notane i årsrekneskapen for 2023.

## Note 6 Pensjonskostnader- og forpliktingar

SFE sine pensjonsplanar omfattar både ytelsesplan og innskotsplanar. Ytelsesplan i sikra ordning SFE og datterselskapa har to parallelle pensjonsordningar som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningar.

SFE og datterselskapa har ei offentleg, kollektiv pensjonsordning i BKK Pensjonskasse som er lukka. Pensjonsordninga er ei bruttoordning tilsvarande offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ei bestemt framtidig pensjonsytning basert på talet på år med opptening og lønsnivået ved pensjonsalder. Ytelsesplanen omfattar alders-, uføre-, etterlatte og barnepensjon.

<b>Følgande føresetnader er brukt i berekningane:</b>	<b>30.06.24</b>	<b>31.12.23</b>
Årleg avkasting	3,50%	3,30%
Diskonteringsrente	3,30%	3,30%
Årleg lønnsvekst	3,50%	3,50%
Årleg vekst G-beløp	3,25%	3,25%
Regulering av løpande pensjonar	2,80%	2,75%
AFP-uttak	25 % ved 62 år	25 % ved 62 år
Demografiske føresetnader ved dødelighet og uførhet	K2013BE/K63	K2013BE/K63

For ytterlegare informasjon om pensjonskostnad- og forplikting for SFE viser vi til note 14 Pensjon i årsrekneskapen for 2023.

## Note 7 Driftsinntekter

30.06.24 (Beløp i MNOK)	Energi	Eigarskap	Eliminering	Sum
Sal av kraft	1 242	0	-6	1 236
Inntekt på investering i TS	8	42	0	51
Andre driftsinntekter	17	10	-13	13
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 268</b>	<b>52</b>	<b>-19</b>	<b>1 301</b>

30.06.23 (Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Eigarskap og Fiber	Eliminering	Sum
Sal av kraft	1 319	0	0	-19	1 300
Sal av overføringstenester	0	63	0	-5	58
Inntekt på investering i TS	0	0	26	0	26
Andre driftsinntekter	21	24	19	-25	39
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 340</b>	<b>86</b>	<b>45</b>	<b>-49</b>	<b>1 422</b>

## Note 8 Avsetting for forpliktingar

Beløp i tusen kroner	30.06.2024	30.06.2023
Vesentlege tapskontrakter <sup>1)</sup>	49 856	47 919
Finansielle forpliktingar <sup>1)</sup>	180 876	151 125
Gjeld knytt til forvaltning kraftderivat på vegne av eksterne	0	124 373
Andre avsetningar <sup>2)</sup>	35 213	34 618
<b>Bokført verdi 30.06/31.12</b>	<b>265 945</b>	<b>358 035</b>

<sup>1)</sup> Tapskontrakter knytt til ikkje utbygde fallrettar og fallrettsavtaler med finansielt oppgjær

<sup>2)</sup> Forplikting knytt til finansielle leigeavtaler og fjerningsforpliktelsar

Avstemming av bevegelsar gjennom året	30.06.2024	30.06.2023
<b>Beløp i tusen kroner</b>		
Bokført verdi 01.01	267 187	792 519
Tilgang i løpet av året	0	0
Avsetningar brukt/reversert i løpet av året	-1 242	-434 484
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>265 945</b>	<b>358 035</b>

For ytterlegare informasjon om avsetting for forpliktingar viser vi til note 27 Avsettingar for forpliktingar i årsrekneskapen for 2023.



## ERKLÆRING FRÅ STYRET OG KONSERNSJEF

Styret og konsernsjef har i dag handsama rekneskapet for 1. halvår 2024 for Sogn og Fjordane Energi AS, konsern.

Vi erklærer etter vår beste overtyding at:

- konsernrekneskapen pr. 30.06.2024 er utarbeida i samsvar med IAS 34 – Delårsrapportering og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) fastsett av EU, med krav til tilleggsopplysningar som følj av rekneskapslova, samt at
- rekneskapsopplysningane gjer ein rettvisande og heilskapleg oversikt av selskapet og konsernet sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling samt at
- rekneskapen for 1. halvår 2024 gir ein rettvisande oversikt over
  - utviklinga og resultatet til konsernet samt dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar konsernet er eksponert for

Mel 28.08.2024

Olin Johanne Henden  
- styreleiar -

Silje Skaar Sunde  
- nestleiar -

Arvid Andenæs

Jan Helge Dale

Sindre Kvalheim

Ingvill Hestenes

Ragnhild Gundersen

Kevin Denton

Mons Solheim

Knut Arild Flatjord  
- konsernsjef -

Til styret i Sogn og Fjordane Energi AS

## Fråsegn om forenkla revisorkontroll av delårsrekneskap

### Innleiing

Vi har gjennomført ein forenkla revisorkontroll av vedlagte konsoliderte balanse for Sogn og Fjordane Energi pr. 30. juni 2024 og tilhøyrande resultatrekneskap og oppstilling over endring i eigenkapital og kontantstrømpoppstilling for seksmånadersperioden som blei avslutta per denne dato, medrekna eit samandrag av rekneskapsprinsipp og tilhøyrande notar. Leiinga er ansvarleg for utarbeiding og framstilling av delårsrekneskapen i samsvar med IAS 34. Vår oppgåve er å gje ei fråsegn om delårsrekneskapet basert på vår forenkla revisorkontroll.

### Omfanget av den forenkla revisorkontrollen

Vi har gjennomført vår forenkla revisorkontroll i samsvar med internasjonal standard for forenkla revisorkontroll 2410 "Forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap, utført av foretakets valgte revisor". Ein forenkla revisorkontroll består i å rette førespurnader, primært til personar med ansvar for økonomi og rekneskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlinga. Ein forenkla revisorkontroll har eit betydeleg mindre omfang enn ein revisjon utført i samsvar med International Standards on Auditing, og gjer oss følgeleg ikkje i stand til å oppnå sikkerheit for at vi er blitt oppmerksame på alle vesentlege forhold som kunne ha blitt avdekket i en revisjon. Vi gjev derfor ikkje ei fråsegn om revisjon på dette rekneskapen.

### Konklusjon

Vi har ved vår forenkla revisorkontroll ikkje blitt oppmerksame på noko som gir oss grunn til å tru at det vedlagte delårsrekneskapet i det alt vesentlege ikkje er utarbeida i samsvar med IAS 34.

Sandane, 28. august 2024  
ERNST & YOUNG AS

*Signert elektronisk*

Finn Espen Sellæg  
statsautorisert revisor